

5. - 7. TRINN

MAGISKE DYR

Skriv namnet på dyra i boksen under bildet.



5. – 7. TRINN

MAGISKE DYR

SNACK OM I KLASSEN

1. Lag ei liste med magiske dyr som finst i verkelegheita. Kva for nokre "magiske" eigenskapar har dyra?
2. Kva skjer om ei sjøstjerne mistar ein arm?
3. Kva er ein axolottl? Kva for ein magisk eigenskap har axolottl?
4. Korleis kamuflerer blekksprutar seg? Korleis blir dei nesten usynlege rett framføre auga dine?
5. Kva betyr illusjon?
6. Korleis lurer nokre sommarfugllarver andre dyr med utsjånaden sin?
7. Kva for eit triks har alligatorskjelpadda for å enkelt fange fisk og andre dyr den vil ete, i vatnet?
8. Kva for eit dyr er det einaste pattedyret som kan flyge? Kva slag vengjer har dette dyret?
9. Kva for eit dyr vert kalla for havets einhyrning?
10. Kva er magisk med gjødselbiller?

TEINKING

1. Lag ei teikning, med overskrift, av eit dyr som finst i verkelegheita som har ein eller fleire eigenskapar som er magisk for oss menneske.
2. Teikn ditt heilt eige magiske fantasidyr. Kva for nokre magiske eigenskaper har dyret ditt? Gje dyret eit namn.

HISTORIE

Skriv ei historie om det magiske dyret du har teikna Kor lever dyret, kva er det og korleis brukar dyret dei magiske eigenskapane sine?

5. - 7. TRINN

MAGISKE DYR

ENGELSK

Draw a line between the photos and names of the animals.



BUTTERFLY

OCTOPUS



GORILLA

AXOLOTL



LEOPARD

**ALLIGATOR SNAPPING
TURTLE**



**PEACOCK MANTIS
SHRIMP**

INDIAN RHINOCEROS



5. - 7. TRINN

MAGISKE DYR

FINISH THE TABLE.

ENGLISH	NORSK
MAGIC	
	AXOLOTL
SEA STAR	
	FROSK
INVISIBLE	
	STERK
	BLEKKSPRUT
RHINOCEROS	
	ENHJØRNING
	SOMMARFUGL
CAMOUFLAGE	
	FLAGGERMUS
GECKO	
FLATWORM	
	MEITEMARK

5. – 7. TRINN

MAGISKE DYR

GÅTER

1. Eg lever i havet og er ein meister i å kamuflere meg. Eg kan forsvinne rett framføre auga dine ved å forandre kroppsform og farge. Ved å bruke muskler kan eg styre mine spesielle celler med fargestoff i og på den måten endre farge superfort. Kva for eit dyr er eg?
2. Eg er verkelegheitas spiderman, for eg kan springe rett opp veggjar og opp-ned i taket. Eg har ikkje lim, men mikroskopiske hår under føtene mine. Desse skapar ei kraft som gjer at eg heng fast på veggjar og i tak. Kva for eit dyr er eg?
3. Eg lever i havet. Eg har fem eller fleire armar. Om eg set meg fast eller eit rovdyr drar av meg ein av armene kan eg vekse ut ein ny. Kva for eit dyr er eg?

BOKSTAVROT

Her er det blitt litt rot ... Stokk om på bokstavane så du finn orda.

- | | |
|-----------------------|-----------------------|
| 1. FGLU = | 7. ALXOOLT = |
| 2. MRUA= | 8. FELARMUGGS = |
| 3. GLLRIOA = | 9. MOFROSSEK = |
| 4. SJJNSTERØE = | 10. KKCEO = |
| 5. SLEKKBPUTR = | 11. TIEEMMARK = |
| 6. HVALARN = | 12. BKLIORI = |

5. - 7. TRINN

MAGISKE DYR

MATTEOPPGÅVE

Løys reknestykka og sett rett bokstav under rett tal for å finne løysingsorda under.

$6 \times 6 =$	M	$14 + 6 + 8 =$	P
$9 \times 9 =$	E	$32 \times 0 =$	B
$40 : 8 =$	S	$83 - 13 + 4 =$	T
$7 \times 7 =$	A	$6 \times 3 =$	U
$5 \times 4 =$	O	$4 \times 8 =$	D
$34 \times 10 =$	F	$60 : 10 =$	R
$115 + 15 =$	K	$11 \times 7 =$	G
$9 \times 6 =$	Y	$25 \times 8 =$	L
$48 : 6 =$	I		

Løysning:

36	49	77	8	5	130	81		32	54	6
0	200	24	81	130	130	5	28	6	18	74
36	20	5	81	340	16	6	20	5	130	

DIGITAL UNDERVISNING FRA DYREPARKEN

5. - 7. TRINN

MAGISKE DYR

FARG

